

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 21.11.2016  
Vår ref.: 2016/16711-3  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 16/2496-16/20601

Att. Lillian Straumøy Brakstad

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Øvredalsvegen - gnr 20 bnr 11 - dispensasjon - bygging av veg over gnr 20 bnr 5 - Meland kommune**

Viser til brev datert 28.10.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i direkte konflikt med det omsøkte tiltaket, men på garden Dale ligg det ei rekke automatisk freda gravminne og funnstadar frå jernalder. Potensial for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Jostein Aksdal  
fung. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*